



Arkivnr: 2017/673-18

Saksbehandlar: Eva Katrine Ritland Taule, Cathrine Grasdal, Gunhild Raddum, Rolf Fløtre Skogedal,  
Ambjørg Reinsnos, Endre Sten Nilsen

Saksframlegg

## Saksgang

| Utval  | Saknr. | Møtedato   |
|--|--------|------------|
| Utval for kultur, idrett og regional utvikling |        | 22.01.2019 |

## Fråsegn til 1. gangs offentlig ettersyn og høyring - detaljregulering av Dalekletten - Øygarden kommune

### Samandrag

Hordaland fylkeskommune har motteke forslag til reguleringsplan for Dalekletten på offentlig ettersyn og høyring, frå Øygarden kommune i brev dagsett 07.11.2018.

Detaljreguleringsplanen for Dalekletten legg til rette for 118 bustader, daglegvare, innfartsparkering, infrastruktur og grønstruktur på Dalekletten, og er ei realisering av avsett bustadføre mål i gjeldande kommuneplan for Øygarden.

Planområdet er 103 daa stort og ligg ved Torsteinsvik på Toftøyna, sør i Øygarden kommune, omlag 6 km frå Rong senterområde. Planområdet består i dag av areal som er delvis utbygd og grøne areal. Planen vil legge til rette for ein bustadmasse som fordeler seg på einebustader, rekkehus og lågblokker. I den sørlege delen opnar ein øg for tenesteyting.

Planarbeidet legg opp til fleire infrastrukturelle grep knytt til auka trafikk og ferdsel i og til/frå området. I dag vert gang- og sykkelvegen nytta som tilkomstveg til dei eksisterande bustadane i planområdet. Ein vil no etablere ny tilkomstveg til området, samstundes som køyring på gang- og sykkelvegen etappevis vil verte avvikla. Vidare planlegg ein nytt venstresvingfelt som avkøyrsløse til Fv 225 og ein ny ein-sidig busshaldeplass som skal erstatte dei eksisterande busshaldeplassane som ligg i 80-sona langs Toftøyvegen (Fv 561). Det har vore dialog mellom Hordaland fylkeskommune/Skyss og Øygarden kommune når det gjeld kollektivbetening på staden.

Einsidige haldeplassar gjer kollektivtilbodet mindre effektivt og konkurransedyktig i høve til personbiltransport. Det er allereie tre slike stoppløysingar på denne strekninga av Fv 561, og det er ikkje ønskeleg med fleire. For å få bussane effektivt fram er det nødvendig å ha eit breitt perspektiv på verkemiddelbruken.

I *Kollektivstrategi for Hordaland, utvikling fram mot 2030*, har fylkeskommunen m.a. målsettingar om at Skyss skal tilby effektive reiser gjennom å minimere stoppetid på haldeplass og infrastrukturtiltak som får bussen fram. Rask og effektiv framføring for bussane er grunnleggjande for å kunne levere eit godt tilbod til dei reisande.

Det går med ekstra tid til av- og påkøyring til hovudvegen når det er fleire ein-sidige haldeplassar langs ein kollektivtrasé. Av omsyn til passasjerane og reisetid er haldeplass på begge sider av veggen best egna. Eit tenleg kollektivtilbod, som er så effektivt som mogeleg, er eit grunnleggjande verkemiddel for å nå nullvekstmålet som er stadfesta i Regional areal- og transportplan for Bergensområdet.

Vidare er det òg peika på at for bussjåførane er det ei påkjenning å ha fleire utkøyningar til ein veg med høg fartsgrense og vikeplikt frå begge retningar. Det vert òg opplevd som utrygt at bussane som vert nytta, bruker tid på kome opp i fart frå ein-sidede haldeplassar, og dette kan også ha negativ innverknad på trafikktryggleiken langs fv 561.

Etablering av ei fjerde ein-sidede haldeplass gjev ulemper for både kollektivreisande og bussjåførane, og kan redusere kollektivtilbodet sitt bidrag til å nå nullvekstmålet. Fylkesrådmannen rår difor til å fremja motsegn til reguleringsplanen som no er lagt ut for offentleg ettersyn.

**Økonomi:** I eit langsiktig perspektiv kan ein-sidede haldeplass gje større kostnader for drift av kollektivtilbodet grunna auka tidsbruk, som igjen kan gjere tilbodet mindre attraktivt.

**Klima:** Eit forbetra kollektivtilbod er i samsvar med nullvekstmålet for personbiltransport.

**Folkehelse:** Trafikktryggleik er ein positiv faktor for folkehelsa, både for bebuarane i eit område og for dei som har arbeidskvardagen sin på og langs vegen.

**Regional planstrategi:** Framlegget er i tråd med hovudmål om klima- og miljøvenleg utvikling og strategi om å redusera klimagassutslepp og anna luftforureining frå transportsektoren og energiforsyning i bygningar.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling ser at detaljreguleringa for Dalekletten legg til rette for ei god utvikling på Toftøyna, mellom anna med å bidra til eit variert bustadtilbod som har nærleik til primære tilbod.
2. Utval for kultur, idrett og regional utvikling meiner at etablering av ei fjerde ein-sidede haldeplass langs fv 561 på Toftøyna gjev ulemper for både kollektivreisande og bussjåførane, og kan redusere kollektivtilbodet sitt bidrag til å nå nullvekstmålet. Det er knytt motsegn til dette punktet.

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 07.01.2018

### Bakgrunn

Hordaland fylkeskommune har motteke forslag til reguleringsplan for Dalekletten på offentlig ettersyn og høring, frå Øygarden kommune i brev dagsett 07.11.2018.

### Detaljregulering av Dalekletten

Detaljreguleringsplanen for Dalekletten legg til rette for 118 bustader, daglegvare, innfartsparkering, infrastruktur og grønstruktur på Dalekletten, og er ei realisering av avsett bustadføre mål i gjeldande kommuneplan for Øygarden. Planforslaget er privat, og planområdet er 103 daa stort og ligg ved Torsteinsvik på Toftøyna, sør i Øygarden kommune, omlag 6 km frå Rong senterområde. Planområdet består i dag av areal som er delvis utbygd og grøne areal.

Planen består av følgande dokument:

- Planskildring
- Føresegner
- Plankart

Planen vil legge til rette for ein bustadmasse som fordeler seg på einebustader, rekkehus og lågblokker. Rekkehusa og einebustadene er løyst i nordleg del av planområdet der mesteparten av dei eksisterande bustadene ligg. Den meir konsentrerte bustaden med lågblokker er løyst i sørleg del av planområdet der området i hovudsak er urørd. I den sørlege delen opnar ein og for tenesteyting. Dette kombinerte føremålet, med lågblokker og tenesteyting/forretning var ikkje varsla til oppstart.

Planarbeidet legg opp til fleire infrastrukturelle grep knytt til auka trafikk og ferdsel i og til/frå området. I dag vert gang- og sykkelvegen nytta som tilkomstveg til dei eksisterande bustadane i planområdet. Ein vil no etablere ny tilkomstveg til området, samstundes som køyring på gang- og sykkelvegen etappevis vil verte avvikla. Vidare planlegg ein nytt venstresvingfelt som avkøyrsløse til Fv 225 og ein ny ein-sidig busshaldeplass som skal erstatte dei eksisterande busshaldeplassane som ligg i 80-sona langs Toftøyvegen (Fv 561).

### Planprosess og medverknad

Hordaland fylkeskommune har gitt innspel til oppstart av planarbeidet i brev av 27.03.2017. Om det ikkje blei gjort endringar i planen, kunne dette punktet utløyse motsegn når planen kom på offentlig ettersyn. Det har vidare vore dialog mellom samferdselsavdelinga/Skyss og Øygarden kommune når det gjeld kollektivbetening på staden. Dialogen i saka har ikkje ført fram, og i forslaget som no er på høring held kommunen fast på ein-sidig busshaldeplass ved krysset mellom Fv 561 og Fv 225.

### Vurdering av regionale interesser

#### Samferdsel

#### *Overordna føringar*

Dei overordna nasjonale måla som er nedfelt i *Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vedteken i 2014, legg sterke føringar på steds- og byutviklinga lokalt og regionalt. Hensikta er at planlegging av utbyggingsområder og transportsystem skal legge til rette for mest mogleg effektiv og miljøvennleg transport slik at transportbehova kan reduserast. Oppfølging av dei nasjonale målsettingane er innarbeid i viktige regionale styringsdokument i Hordaland:

- *Regional plan for attraktive senter i Hordaland*
- *Regional transportplan for Hordaland*
- *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet*
- *Kollektivstrategi for Hordaland*

- Klimaplan for Hordaland

For å nå nullvekstmålet skal talet på bilturar vere konstant sjølv om befolkninga veks. Målet inneber dermed ei betydeleg vekst i reiser med dei miljøvenlege transportformene, og det krev heilskapleg bruk av verkemiddel. I planane nemnd over er det lagt stor vekt på utviklinga av eit attraktivt kollektivsystem som kan konkurrere med bilen som reisealternativ. Dette krev at kommunane følgjer opp med eit utbyggingsmønster og tilrettelegging av infrastruktur langs hovudvegnettet utan avstikkarar og andre uheldige løysingar som forseinkar reisa.

Planframlegget legg til rette for 118 nye bustader på Dalekletten mellom fv 561 og fv 225. Planområdet ligg nær kollektivtilbodet ved fylkesvegane. Kollektivtilbodet langs fv 225 er i stor grad avgrensa til skuleskyss. Tilbodet langs fv 561 har 15 avgangar mot Ågotnes og Bergen på kvardagar, og 12 avgangar i retning Rong. Det er kort veg til skule og barnehage, mens handel og service ligg på Rong, omlag 6 km unna.

Fv 561 i Øygarden er i seg sjølv godt egna for bussavvikling. Traseen er rett og utan omvegar, og fartsgrensa er 80 km/t på store deler av strekninga. Tilhøva ligg mellom anna til rette for at det kan vere like raskt å køyre buss som bil på fylkesvegen.


Det er i dag tosidig haldeplass på staden. Som kartet under viser er det i dag noko busetting på begge sider av fv 561, og det er planfri kryssing ved Vikabrekka. Den nye einsidige haldeplassen er planlagt lagt litt lenger nord enn dagens plassering.



Teljingar som er gjort ved busshaldeplassen nærast Dalekletten, «Vik», viser følgjande passasjersnitt:  
 Til Hellesøy: Påstigende: 0,49 Avstigende: 0,64  
 Fra Hellesøy: Påstigende: 0,98 Avstigende: 0,39

Ved etablering av fleire bueningar ved Dalekletten er det venta at passasjeretalet vil auke

Busstrekninga Rong – Ågotnes har i dag 3 einsidige busshaldeplasser:



Øygarden kommune er bekymra for kryssing av fv 561 for passasjerar som går av/på haldeplassen på austsida av vegen. Oversikten over ulykker er henta frå planbeskrivinga. Den viser trafikkulykker som har vore ved planområdet 5 av dei totalt 7 ulykkene har vore bilulykker.

Figur 21 Ulykker på nærliggande vegsystem (Kjelde: vegvesen.no/vegkart)

Statens vegvesen har gjennomført teljingar og observasjonar av fotgjengarar i det aktuelle kryssområdet. Det blei observert 16 gåande og syklande over brua i makstimen. Mellom kl 14:30 og 15:00 var det to personer som krysset vegen i plan mellom haldeplassane. Det vart i dette tidspunktet ikkje observert kryssing over vegen mellom busslommen som følge av av-/påstiging av buss. Utbyggingsplanane ved Dalekletten vil venteleg resultere i andre tal. Det vart gjennomført fartsmålingar i perioden 8 – 12 april av 22 375 køyrande. Fartsgrensa på staden er 80 km/t, og gjennomsnittlig fart vart registrert til 64 km/t. 85 % har fartsgrense 71 % km/t eller lågare.

#### Fylkesrådmannen si vurdering

Som ansvarleg for kollektivtilbodet i Hordaland er fylkeskommunen særskilt oppteken av korleis busstilbodet kan utviklast best mogleg for å bidra til å redusere klimagassutslepp i tråd med nasjonale og regionale retningslinjer. Eit effektivt og konkurransedyktig busstilbod har ein regional verdi og er viktig i utviklinga av både regionsentre og mindre stader. I konkurransen med bil som reisealternativ må bussreisa opplevast som eit effektiv framkomstmiddel med mest mogleg rett linjeføring og haldeplasser tilpassa rask av- og påstiging. Av omsyn til passasjerane og reisetid er haldeplass på begge sider av vegen best egna. Det går med ekstra tid til av- og påkøyring til hovudvegen når det er fleire ein-sidede haldeplassar langs ein kollektivtrasé. Dersom ein slik løysing vert realisert ved Dalekletten blir det fire slike løysingar i Øygarden, og meirbelastning for avviklinga av kollektivtilbodet.

Fylkeskommunen er oppteken av å ha trygge tilhøve knytt til kryssing av vegen ved planområdet, men fylkesrådmannen stiller spørsmål til om ein-sidede busshaldeplass er riktig tiltak. I oversikten som viser ulykker knytt til planområdet er dei fleste ulykkene bilulykker. Observasjonane som er gjort på staden viser og at det er få personer som kryssar vegen i samband med kollektivreiser. Dette er tal som sjølvstøtt kan endre seg ved utbygging av Dalekletten. Samstundes er det slik at redusert personbiltrafikk og auka bruk av kollektivtilbod gje tryggare tilhøve for mjuke trafikantar.

Fylkeskommunen/Skyss har lenge vore kritisk til at einssidige haldeplasser er valt fleire stader langs fv 561 i Øygarden og dette er kommunisert til kommunen ved fleire høve. For bussjåførane er det ei påkjenning å ha fleire utkøyningar til ein veg med høg fartsgrense og vikeplikt frå begge retningar. Sjåførane har lenge påpeikt at dette medfører ei ekstra helsemessig belastning. Det vert og opplevd som utrygt at bussane som vert nytta, bruker tid på kome opp i fart grunna avgrensa motorkapasitet. Dette kan og ha negativ innverknad på trafikktryggleiken langs fv 561. Vidare viser fartsmålingar av køyretøy at sjåførane tilpassar farten på staden, og held seg under fartsgrensa. Fylkesrådmannen er samd i at trafikktryggleik er eit sentralt tema i alle reguleringsplaner, og at tilhøva for mjuke trafikantar skal visast særleg merksemd. Dersom tilhøve for dei som ferdast langs fv 561 ikkje vert vurdert som trygge, vil det vere riktig å vurdere tiltak og løysingar som sikrar alle som ferdast langs vegen. Dette kan til dømes vere fartsregulerande tiltak.

Kommunen ønskjer einssidig busshaldeplass som betener begge retningar. I høve nasjonal politikk nedfelt i regionale styringsdokument, som skal sikre god framkome og konkurranseevna for kollektivtilbodet meiner fylkesrådmannen ei slik løysing ikkje er hensiktsmessig. I Bergensregionen er vi forplikta til å bidra til nullvekst i personbiltransport. Når ein no planlegg for auka busetnad i dette området, vil eit effektivt kollektivtilbod med god framkome vere ei føresetnad for ei god utvikling. Det er allereie tre einssidige haldeplassar på traseen, og fleire slike løysingar bidreg til å redusere kvaliteten på kollektivtilbodet.

Kommunen vurderer at einssidig haldeplass vil vere eit betydeleg tiltak for trafikktryggleiken. Fylkeskommunen er sjølvstøtt oppteken av å trygge tilhøva for mjuke trafikantar, men deler ikkje kommunen si oppfatning av at einssidig busslomme er avgjerande for å betre trafikktryggleik på staden. Eit effektivt kollektivtilbod vil bidra til auke i kollektivreiser, som også gjev føremoner for trafikktryggleiken. Av omsyn til kollektivtilbodet ved Dalekletten og langs Fv 561 rår fylkesrådmannen til å fremja motsegn til reguleringsplan som no er lagt ut for offentleg ettersyn.

#### Senterutvikling, areal og transport

Planframlegget for Dalekletten legg til rette for 118 nye bustader. I tillegg blir det no utarbeida ein områdeplan for Kleppedalen–Torsvik, som legg til rette for opptil 144 nye bustader om lag 0,5 km nord for Dalekletten. Toftøy har i dag barneskule, barnehage, ein fotballbane og eit nytt friidrettsanlegg.

Ein planlegg no å opne for daglegvarehandel, samt moglegheit for å etablere mindre føretak som kafé og frisør i planområdet (BKB). Dette var ikkje varsla til oppstart.

Ved å tillate formålet BKB, vil både skule, barnehage, handel, samt fritidsaktivitetar vere i gå- og sykkelavstand frå bustadene i Dalekletten. Gangavstand til vesentlege kvardagsfunksjonar stør å legge til rette for daglegvarehandel og tenesteyting i planområdet Dalekletten.

Vi minner om regionale føresegrer for arealbruk i *Regional plan for attraktive senter* (Senterplanen), som gjev føringar for handelsetablering i Hordaland:

*Dersom nytt eller samla bruksareal for detaljhandel i reguleringsplan eller ved søknad om bygge- og rammeplan overstig 3.000 m<sup>2</sup> krevst det samtykke frå fylkeskommunen. Tiltaket skal vere i samsvar med hovudmål i Regional plan for attraktive senter.*

*Samla bruksareal for detaljhandel i sentrum skal vere i samsvar med senteret sitt nivå i senterstrukturen og det omlandet som er definert i regional plan eller i kommuneplan vedtatt etter 10.12.2014. Det blir kravd handelsanalyse for å vurdere samtykke.*

*Det gjeld unntak for:*

*- Ny eller utvida detaljhandel med opptil 3.000 m<sup>2</sup> samla bruksareal lokalisert i bustadkonsentrasjonar eller i nærsenter.*

Vidare må ein gjere ei grundig vurdering av bustadbehovet på Toftøy, med tanke på bustadtypar og omfanget av bustadutbygging opp mot mål i *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* (RATP) og i høve regionale vekstsoner i nye Øygarden kommune.

Landskap, folkehelse og friluftsliv (regionale landskapsområde, <http://kart.ivest.no>, regionale friluftsområde, <http://kart.ivest.no>)

Planområdet ligg innafør to regionale landskapsområde med middels verdi. Mot aust ligg området innafør landskapsområde Torsteinsvik, medan arealet i vest ligg innafør landskapsområdet Toft. Begge områda er kjenneteikna av kystheier. Vi spør rådmannen si vurdering om at grøntdraget i planområdet (GN04) ikkje bør byggast ned, men oppretthaldast som ein kvalitet. Dette både med tanke på visuelle effektar, men òg med tanke på barns leik og folkehelse meir generelt.

#### Kulturminne og kulturmiljø

Som nemnt i vårt innspel til varsel om oppstart av planarbeidet, ligg det krigsminne frå andre verdskrigen i nordre del av planområdet (Askeladden id 212708). Krigsminna var opphavelag ein del av Flymeldepost Toftøy, og består av fleire strukturar som ligg både innafør og utanfor planområdet. Vi ber om at vestre del av arealføremål BVF vert lagt i omsynssone H570, med føresegner som sikrar vern.

Planskildringa inneheld motstridande opplysningar og faktafeil i avsnitta som omhandlar kulturminne. Dette må rettast opp.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeidet stansast til funnet er vurdert.

#### **Konklusjon**

Kommunen sitt tiltak for auka trafikktryggleik for mjuke trafikantar er knytt til etablering av einssidig haldeplass for buss. Denne løysinga meiner fylkesrådmannen ikkje kan akseptast av omsyn til kvaliteten på kollektivtilbodet mellom Rong og Ågotnes. Etablering av ei fjerde einssidig haldeplass gjev ulemper for både kollektivreisande og bussjåførane, og kan redusere kollektivtilbodet sitt bidrag til å nå nullvekstmålet. Fylkesrådmannen rår difor til å fremje motsegn til reguleringsplan for Dalekletten i Øygarden kommune.